



Notat

Dato: 30.04.2015
Arkivsak: 2014/11292-12
Saksbehandlar: lisadla

Til: Samferdselsutvalet

Fra: Fylkesrådmannen

Trafikkulukker i Hordaland

På møte i samferdselsutvalet den 21. januar 2015 stilte representanten **Tom Skauge** (SV) fylgjande spørsmål.

1. Er det rett lesing av VG sine tabellar at 17 menneske døydde i trafikken i Hordaland i ulykker der vegforholda var av stor betydning? (Mi Excel-fil basert på <http://www.vg.no/spesial/2014/trafikkulykkene/> er lagt ved.)
2. Vil SAMU få ei samla framstilling av funna i rapportane som no er offentlege?
3. Er det grunn til å sjå på om Fylkeskommunen sine rapportar og planarbeid bør leggja større vekt på trekk ved veg i tillegg til vær, førarfeil og forhold knytt til kjøretøy?

Etter at fylkesrådmannen har henta inn opplysningar frå Statens vegvesen kan ein gje fylgjande svar på spørsmåla.

Svar på spørsmål 1

I perioden 2005-2013 døydde 17 menneske i trafikkulykker i Hordaland der vegforholda var av stor betydning.

Svar på spørsmål 2

Her forstår ein det slik at spørsmålet gjeld funn knytt til vegforhold. Ofte er årsakene til at ei ulykke har skjedd og til skadeomfanget av ulykka, samansett. Utløysande årsak kan vera ein førarfeil, medan sideterrenget til vegen kan ha stor betydning for skadeomfanget.

Det vert lagt ved ei liste der vegforholda er kommentert for ulykker skjedd i tidsrommet 2009-2013. Ein har ikkje tilsvarande oversikt for åra 2005-2008. Rapportane for 2014 er ikkje klare enno. Dette er forslag frå UAG (UlykkesAnalyseGruppa, som er den regionale gruppa som føretok den samla analysen av dødsulykkene). Det er ikkje nødvendigvis slik at det er dette som blir dei endelege tiltaka som blir utførte.

Svar på spørsmål 3

Resultata frå UAG sine analysar tilseier at trekk ved vegen må ha stort fokus ved all vegplanleggjering, noko som det no og har. Opplysningar som ein kan få frå analysearbeidet etter dødsulykker vil vera viktig i samband med det systematiske trafikk sikringsarbeidet som mellom anna fylkeskommunen er ein del av. Særleg gjeld det opp mot arbeidet til FTU.

